



SOMMARSKULE LUSTER 2021

I veke 25, 26, 31 og 32 vil Luster kommune i samarbeid med frivilljuge lag og organisasjonar og eksterne partnerar arrangera ulike sommarskulekurs. Somme kurs er for årets 4.-7. trinn, andre kurs for årets 4.-6. trinn, andre for årets 8.-10. trinn.

- Alle kurs er gratis å delta på.
- Utanom friluftslivkurset må elevane ta med matpakke og drikke sjølv på kursa.
- Det er avgrensa tal plassar på somme av kursa.
- Påmelding opnar kl. 09, måndag 31. mai via www.luster.kommune.no og stengjer fredag 4. juni kl.18.00.
- NB! Påmelding til dei to kursa med Sommarlab - Forskerfabrikken: www.sommerlab.no Påmelding opnar også her kl. 09, måndag 31. mai



Informasjon om kursa

FriMoro

4.-7.trinn	Stad	Gaupne, Parken	Når	Pulje 1: 21.-22. juni
4.-7.trinn	Stad	Gaupne, Parken	Når	Pulje 2: 23.-24. juni
4.-7.trinn	Stad	Gaupne, Parken	Når	Bonusdag: 25. juni

FriMoro er sommarmoro og friluftsliv. Det vert arrangert to puljer med FriMoro, måndag og tysdag og onsdag og torsdag. Det er også mogleg å melda seg på FriMoro bonusdag fredag same veke.

Det vert SUP-brett, naturquiz, kajakk og kano, lavvo, tautrekking og leik.

Ta med drikke og matpakke sjølv.

Det er fint om ein tek med:

- Klebyte dersom nokon skulle bli blaut, for eksempel ei ekstra treningsbukse og ein gensar.
- Badekle/handduk

FriMoro vert arrangert i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Påmelding via

www.luster.kommune.no

Påmelding opnar kl. 09.00, måndag 31. mai

The poster features the title 'FriMoro Sommarmoro og friluftsliv' in a stylized font. Below the title, it lists activities: SUP-brett, NATURQUIZ, KAJAKK, KANO, LAVVO, Bålpanne, and Tautrekking. It specifies the location as 'Parken i Gaupne' and provides dates for two groups: Pulje 1 (21.-22. juni) and Pulje 2 (23.-24. juni), plus a bonus day on 25. juni from 10.00 to 16.00 for 4.-7. klasse. The event is 'Gratis for alle'. The poster also includes photos of participants and two main instructors: Susannet Hesjevoll and Armando Navarro. At the bottom, it states the event is organized by Luster kommune in collaboration with local clubs and organizations, supported by Bufdir and Udir, and provides the registration website and deadline.

Danseverkstad

4.-7.trinn	Stad	Gaupne skule	Når	23.-25. juni, kl. 10-15
8.-10. trinn	Stad	Luster ungdomsskule	Når	23.-25. juni, kl. 10-15
4.-10. trinn	Stad	Hafslo, Samfunnsbygget	Når	23.-25. juni, kl. 10-15
4.-10. trinn	Stad	Skjolden, Fjordstova	Når	23.-25. juni, kl. 10-15
7.-10. trinn	Stad	Gaupne skule	Når	11.-13. august kl. 10-16

Luster danseverkstad i samarbeid med Dans uten grenser tilbyr danseverkstad i Gaupne, Hafslo og Skjolden i veke 25.

Kursa passar både for deg som er heilt ny og for deg som har vore med på dans tidlegare. Opplegget vil vera tilpassa aldersgruppene. Det er plass til om lag 20 deltakarar på kvart kurs.

Det er lagt opp til at deltakarane tek med mat og drikke sjølve.

I veke 32 vert det tilbydd eige kurs for vidarekomne på 7.-10. trinn. På dette kurset er det plass til maks. 15 deltakarar.

Påmelding opnar kl. 09.00, måndag 31. mai via www.luster.kommune.no



Rockeverkstad

5.-10.trinn Stad Jostedal skule

Når 21.-22. juni kl. 10-14


Jostedal bygdelaag inviterer til rockeverkstad. Du må vere glad i å drive med musikk i lag med andre. Det er ein fordel å ha erfaring med å spele instrument eller syngje.

Om du speler gitar eller bass, ta gjerne med instrumentet ditt (men det er ikkje noko krav).

Deltakarane må ta med mat og drikke sjølve.

Maks tal deltakarar er 18 stk.

Påmelding frå kl. 09 måndag 31. mai;
www.luster.kommune.no



Friluftsliv og uteaktivitetar, Breheimsenteret

5.-10.trinn Stad Jostedal, Breheimsenteret

Når 23.-25. juni kl. 10-15

I samarbeid med Breheimsenteret inviterer Jostedal bygdelaag på tre dagar med friluftsliv og aktivitetar ved Breheimsenteret. Det vert natursti, bretur på Nigardsbreen og kajakkpadling. Dette er for deg som er glad i å vere i aktivitet ute. Maks tal deltakarar er 18 stk.

Dagen med bretur varar truleg litt lengre enn kl. 15.

Du må ha med gode tursko, passande klede til vèret og ein liten dagstursekk. Ta med drikke. Mat er inkludert i kurset.

Transport må deltakarane ordna sjølve. Det går rebuss frå Gaupne kl. 09.15. Eventuell retur med buss er kl. 17.00 frå Breheimsenteret.

Påmelding opnar kl. 09.00, måndag 31. mai via www.luster.kommune.no

Designarspiren, ViteMeir

5.-10.trinn Stad Luster ungdomsskule

Når 23.-25. juni kl. 09-15

Design og redesign av kle og tilbehør. Deltakarane kan designe sine heilt egne trykk. Me brukar vinylkuttaren til å kutte dei designa deltakarane ønskjer, og trykkjer dei på kle med varmpresse. Me kjem til å eksperimentere ved å lage design på ulike måtar og med ulike verktøy. Deltakarane får lage ei lita utstilling der dei syner fram produkta sine.

Kurset vert arrangert i samarbeid med ViteMeir, det nye vitensenteret på Kaupanger.

Kapasiteten er 22 deltakarar. Deltakarane må ta med mat og drikke sjølve.

Påmelding opnar kl. 09.00, måndag 31. mai via www.luster.kommune.no



Reodorverkstad, ViteMeir


7.-10.trinn	Stad	Hafslo barne- og ungdomsskule	Når	28.-30. juni, kl. 09-15
7.-10.trinn	Stad	Luster ungdomsskule	Når	2.-4. august, kl. 09-15
4.-7.trinn	Stad	Gaupne skule	Når	9.-11. august, kl. 09-15

I oppfinnarverkstad skal me mellom anna nytte Microbits, handverktøy og 3D-printarar. Me skal jobbe med ulike typar 3D-modelleringsprogram og utforske ulike typar filament. Deltakarane får bruke fantasien til å 3D-printe sin eigen nøkkelring, bygge rakettt og programmer ein akselasjonsmålar. Dei skal lage skisse av raketten sin, evaluere styrker og svakheiter, gjere nødvendige endringar, bygge den, teste og lese av resultat frå akselasjonsmålar, evaluere, gjere endringar og teste igjen.

Kapasiteten er 26 deltakarar. Deltakarane må ta med mat og drikke sjølve.

Kurset vert arrangert i samarbeid med ViteMeir, vitensenteret på Kaupanger.

Påmelding opnar kl. 09.00, måndag 31. mai via www.luster.kommune.no



Illustrasjonsfoto

Battlebots, ViteMeir

7.-10.trinn Stad Hafslo barne- og ungdomsskule Når 1.-2. juli, kl. 09-15

7.-10.trinn Stad Luster ungdomsskule Når 5.-6. august, kl. 09-15

Deltakarane skal lage sin eigen battlebot med fokus på idé, design og testing. Dei får nokre kriterium og eit utval av materiale dei kan jobbe med.


Deltakarane skal lære å programmere sin eigen Sphero Bolt-robot til

å finne raskaste vegen gjennom labyrinten. Dei skal teikne ei skisse av battlebotten, evaluere styrker og svakheiter, gjere nødvendige endringar, bygge battlebotten, teste, evaluere, gjere endringar og teste igjen. Me avsluttar med den store finalen der robotane skal kjempe mot kvarandre. Kva lag stikk av med pokalen?

Kurset vert arrangert i samarbeid med ViteMeir, det nye vitensenteret på Kaupanger.

Kapasiteten er 26 deltakarar. Deltakarane må ta med mat og drikke sjølve.

Påmelding opnar kl. 09.00, måndag 31. mai via www.luster.kommune.no



Sommarlab Forskerfabrikken

4.-6.trinn Stad Gaupne skule

Når 28. juni - 2. juli, kl. 09-15

4.-6.trinn Stad Hafslo barne- og ungdomsskule Når 2.-6. august, kl. 09-15

Sommarlab er ei kreativ og lærerik forskarveke for dei som i år går på 4.-6. trinn. Naturvitskap blir gøy gjennom spennande aktivitetar. Deltakarane skal utforske elektriske kretsar, fornybar energi og kjemiske reaksjonar.

Kursinnhaldet er det same som i 2020: Energimysteriet.

Alle deltakarar får: T-skjorte, forskarutstyr og solcellebil.

Kvart kurs vert leia av to engasjerte kursleiarar og har plass til 26 deltakarar. Alle kursdagar inneheld eksperiment, fysisk aktivitet og morosame oppgåver.

Deltakarane må ta med mat og drikke sjølve.

Årets Sommarlab er støtta av Luster Sparebank og Luster energiverk.

Påmelding opnar mandag 31. mai kl. 09.00.

NB! Påmelding og meir informasjon via www.sommerlab.no



Fotokurs – lek med lys i fotostudio

5.-10.trinn Stad Yrkeskulebygget, Gaupne

Når 28.-30. juni, kl. 11-15

5.-10.trinn Stad Hafslo barne- og ungdomsskule

Når 9.-11. august, kl. 11-15

Kurset går i enkelheit ut på å jobbe med lyssetjing. Tre moderne studiolampar vert sett opp som elevane kan arbeida med. Det er ein fordel om deltakarane har kamera med blitssko, men sidan studiolampane er styrde av fotocelle er dette ikkje noko krav. Elevane kan også bruka kamera på mobilen sin om dei ikkje har eige kamera.

Elevane tek bilete av kvarandre, kort og godt leikar seg med lyset og effektar av lys og skugge.

Kurset startar med å bli kjent med utstyret, samt ein enkel demo av dei mest vanlege lyssetjingane. Alt på første kursdag kan dei ta bilete.

Kurshaldar er Kjell Solheim som tidlegare har halde fleire liknande kurs for 4-H.

Kursdeltakarane må ta med mat og drikke sjølve.

Påmelding opnar kl. 09.00, måndag 31. mai via www.luster.kommune.no



Sommarskule Luster oversikt

Veke 25	Trinn	Stad	Kurs
21.-22.juni	4.-7. trinn	Gaupne	FriMoro - pulje 1
23.-24. juni	4.-7. trinn	Gaupne	FriMoro - pulje 2
25. juni	4.-7. trinn	Gaupne	FriMoro - bonusdag
21.-22. juni	5.-10. trinn	Jostedal	Rockeverkstad
23.-25. juni	5.-10. trinn	Jostedal	Friluftsliv
23.-25. juni	5.-10. trinn	Gaupne	Designarspiren - ViteMeir
23.-25. juni	4.-7. trinn	Gaupne	Danseverkstad
23.-25. juni	8.-10. trinn	Gaupne	Danseverkstad
23.-25. juni	4.-10. trinn	Hafslo	Danseverkstad
23.-25. juni	4.-10. trinn	Skjolden	Danseverkstad
Veke 26	Trinn	Stad	Kurs
28. juni - 2. juli	4.-6. trinn	Gaupne	Sommarlab Forskerfabrikken
28.-30. juni	5.-10. trinn	Gaupne	Fotokurs - leik med lys i fotostudio
28.- 30.juni	7.-10. trinn	Hafslo	Reodorfabrikken - ViteMeir
1.- 2. juli	7.-10. trinn	Hafslo	Battlebots - ViteMeir
Veke 31	Trinn	Stad	Kurs
2.-6. august	4.-6. trinn	Hafslo	Sommarlab Forskerfabrikken
2.-4. august	7.-10. trinn	Gaupne	Reodorfabrikken - ViteMeir
5.-6. august	7.-10. trinn	Gaupne	Battlebots - ViteMeir
Veke 32	Trinn	Stad	Kurs
9.-11. august	4.-7. trinn	Gaupne	Reodorfabrikken - ViteMeir
11.-13. august	7.-10. trinn	Gaupne	Danseverkstad for vidarekomne
9.-11. august	5.-10. trinn	Hafslo	Fotokurs - leik med lys i fotostudio